

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga
v/ Ingrid Bjørge Pedersen

Kjersti Linn Hopland
Ikeland 55
5912 Seim

19.09.2018

Tilleggsopplysningar gbnr 168/3

Viser til brev om trong for tilleggsopplysningar, datert 17.09.2018

Der står det: Det går ikkje klart fram av teikning og søknad kva det skal søkjast om. Viser til punktet i søknaden der det står: Planlagt bruk/formål: Produksjonslokale til foredling av kjøtt frå dyra på garden.

Litt meir utfyllande kan eg sei at me driv med produksjon av gardsmat og har eit enkelmannsføretak *Ikeland Gard*. Me lagar diverse spekemat, pinnekjøtt, fårerull osv. Me har røyke og tørkehus på garden, men har leigd produksjonslokala til Alverhjort. No vil me bygga på garden for å få større kapasitet og produksjon.

Bygget som allereie står der skal me sjølv riva, og ta vare på både plank og tak som me vil nytta til anna vedlikehald på garden. Det er eit enkelt bygg med kun tre veggjar og tak. Resterande vil bli kjørt til NGIR i Kjevik dalen. Grunnane som allereie står vil me behalda til nybygget.

MVH

Kjersti Linn Hopland